

From: Hønsi Kåre <Kare.Honsi@statkraft.com>
Sent: mandag 29. mars 2021 12.02
To: Jakob Fjellanger
Cc: Dårflot Ingeborg; Hass Inge; Holmen Marianne; Carsten Stig Jensen
Subject: SV: Brev til NVE om effekt Leirdøla

Hei!

Takk for gode spørsmål som vi skal besvare etter beste evne. Ta kontakt om det er behov for meir klargjering eller andre spørsmål. Har svart punktvis med referanse til mailane under:

Mail av 16.03.2021:

1. Ja. Senkehastigheita og flaumrisikoen er ikkje avhengig av slukeevna åleine, men korleis vi disponerer dette magasinet ut frå våre forventningar til etterspørsel. Ein har mogelegheit til å senke rundt 5 cm raskare per døgn, men det er kunn ved maksimal køyring døgnet rundt, noko vi sjeldan gjer i slike magasinverk, der vi må porsjonere med vatnet for å skape størst verdiar.
2. Ja. Dagens elektriske ytelse er 130 MVA. Vidare har vi fått anleggskonsesjon til 145 MVA for komande oppgradering av stator og trafo.
3. Det vert ingen endring med 145 MVA anlegg. Denne oppgraderinga i elektrisk ytelse er for å etterkome Statnett sitt krav gitt når dei gav tillatelse til å køyre med $\cos\phi=0,96$ i 2008. Turbinen vil framleis ha maksimalt 125 MW ytelse som samsvarar til 145MVA.
4. Stator på generatoren, kablar, transformator. Desse vert oppgradert til 145 MVA etter kvart, men det er fyrst når alle er oppgradert at anlegget kan driftast på 145 MVA.

Siste mail av 22.03.2021:

- 1.a. Desse støvplagene eksisterer ikkje lengre. Siste 20 åra har dei ikkje vore observert. Det vart enten seint på 80-talet eller tidleg 90-talet etablert eit vatningsanlegg på området som avbøtande tiltak. I løpet at åra sidan den gong har det naturleg etablert seg eit lag av mose/vegetasjon som bitt støvet og held på fukt. Det har gjort vatning unødvendig.
 - 1.b. Ja, det er riktig. Trur heller ikkje at det var stor skilnad før og etter 2012 heller då større slukeevne normalt ikkje medfører at ein senkar magasinet noko særleg raskare over sesongen, men at ein køyrer litt meir dei deler av døgnet når etterspørselen er størst, for så å stå fleire timar på natt typisk. Men i dei vekene det er stor etterspørsel døgnet rundt vil ein senke marginalt raskare, men erfaringsmessig opplever ein slike periodar i 1-2 veker.
 - 1.c. Statkraft har ikkje kjende planar om ei utviding ut over 125MW. Som nemnt over er oppgradering av anlegget til 145MVA eit resultat av Statnett sitt krav i godkjenninga av mellombels å kunne drifte anlegget med $\cos\phi=0,96$ inntil oppgradering. No ved oppgradering går vi til 145MVA for å sikre standard $\cos\phi=0,86$.
2. Det er rett. 145 MVA er tilpassa 125 MW hjul og $\cos\phi=0,86$.

Med venleg helsing
Kåre Hønsi

Kåre Hønsi

Produksjonssjef, Statkraft Energi Region Midt-Norge

__ DIREKTE 57 68 92 33
__ MOBIL 91 17 32 19
__ SENTRALBORD 57 68 90 00

Statkraft Energi AS

Fra: Jakob Fjellanger <jfj@nve.no>

Sendt: 22. mars 2021 15.01

Til: Hønsi Kåre <Kare.Honsi@statkraft.com>

Kopi: Dårflot Ingeborg <Ingeborg.Darflot@statkraft.com>; Hass Inge <Inge.Hass@statkraft.com>;

Holmen Marianne <Marianne.Holmen@statkraft.com>; Carsten Stig Jensen <csj@nve.no>

Emne: SV: Brev til NVE om effekt Leirdøla

Hei

Her er et par ting til som jeg for ordens skyld bør spørre om.

1. Sommeren 1982 opplevde lokale beboere at støv som blåste fra reguleringssonen i Tunsbergdalsvatn la seg på bygninger og landskap, og gjorde skade.
 - a. Hva vet dere om disse støvplagene senere, og særlig etter 2012 da man startet å kjøre kraftverket med opptil 125 MW effekt, og følgelig raskere senkning av magasin vannstanden pga. større slukeevne?
 - b. Siden kraftverket har blitt kjørt med 125 MW siden 2012 så vil vel en tillatelse til 125 MW ikke endre situasjonen. Er dette riktig forstått?
 - c. Hvis effekten økes utover 125 MW, kan problemet da gjenoppstå eller forverre seg pga. raskere senkning av magasin vannstanden?
2. Fra brevet 19.02.2021 forstår jeg det slik at løpehjulets effekt på 125 MW er tilpasset en generatorytelse på 145 MVA (som dere har fått anleggskonsesjon til). Er det riktig forstått?

Mvh

Jakob Fjellanger

Senioringeniør

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon 22959595 eller direkte 22959213

Epost nve@nve.no eller direkte jfi@nve.no

Web: www.nve.no

Fra: Jakob Fjellanger

Sendt: tirsdag 16. mars 2021 10:58

Til: Hønsi Kåre <Kare.Honsi@statkraft.com>

Kopi: Dårflot Ingeborg <Ingeborg.Darflot@statkraft.com>; Hass Inge <Inge.Hass@statkraft.com>;

Holmen Marianne <Marianne.Holmen@statkraft.com>; Carsten Stig Jensen <csj@nve.no>

Emne: SV: Brev til NVE om effekt Leirdøla

Hei

Jeg har noen ytterligere spørsmål:

1. Er det riktig forstått at endringene i senkningshastigheten i Tunsbergdalsvatn og i flomtapet ved økning til 125 MW allerede har vært en realitet siden 2012 (da dere startet med slik kjøring)?
2. Er det riktig forstått at dagens ytelse i kraftverkets elektriske del er 130 MVA?
3. Hva blir slukeevnen og senkningshastigheten i Tunsbergdalsvatn ved fullt pådrag i kraftverket hvis ytelsen i kraftverket økes til 145 MVA (slik dere har fått konsesjon til etter energiloven)?
4. Hva må (kort oppsummert) endres i kraftverket hvis ytelsen skal økes til 145 MVA?

Mvh

Jakob Fjellanger

Senioringeniør

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon 22959595 eller direkte 22959213

Epost nve@nve.no eller direkte jfj@nve.noWeb: www.nve.no

Fra: Hønsi Kåre <Kare.Honsi@statkraft.com>**Sendt:** fredag 19. februar 2021 17:28**Til:** NVE <NVE@nve.no>; Carsten Stig Jensen <csj@nve.no>; Jakob Fjellanger <jfj@nve.no>**Kopi:** Rune Flatby <rfl@nve.no>; Dårflot Ingeborg <Ingeborg.Darflot@statkraft.com>; Hass Inge <Inge.Hass@statkraft.com>; Holmen Marianne <Marianne.Holmen@statkraft.com>**Emne:** Brev til NVE om effekt Leirdøla

Hei!

Takk for eit godt møte onsdag. På vegne av regionsdirektør sender vi som avtalt over brev med vedlegg som omhandlar det vi snakka om i møtet. Ta kontakt om noko er uklart eller om det er behov for ytterlegare informasjon.

Med venleg helsing

Kåre Hønsi

Kåre Hønsi

Produksjonssjef, Statkraft Energi Region Midt-Norge

__ DIREKTE 57 68 92 33

__ MOBIL 91 17 32 19

__ SENTRALBORD 57 68 90 00

Statkraft Energi AS

Lilleakerveien 6, Postboks 200 Lilleaker, 0216 Oslo

www.statkraft.no

Statkraft Internal